



Olav Stedje hadde suksess også under konsert nummer tre i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Trubadur Olav Stedje frå Sogndal har slett ikkje trappa ned som turnerande og aktiv artist sjølv om nokon kanskje har trudd det. Han har berre hatt seg ei kvilepause fordi han vart trøtt av all reisinga.



"Vi dansar saman...." Trongt, men triveleg i Dønhaugkjedlaren under Stedje-konserten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

.Stedje er i høgste grad framleis "I levande live". Akkurat det heitar da også typisk nok det konsertalbumet som han nyleg har sluppe og som er det fyrste han kjem med av dette slaget.. Og laurdag kveld hadde han sin konsert nummer tre i Dønhaugkjedlaren, like aktuell som nokon gong. Han har har samla fullt hus to gonger der før og ikkje overraskande gjorde han det igjen. 65 var på plass då konserten starta og fleire har Magne Huglen ikkje lov til å sleppa inn. Den folkekjære artisten rår over ein stor viseskatt etter sine snart 30 år som artist og han serverer den i ein ekte og uanstrengt dialog med publikum.

Sogningen har slett ikkje vorte miljøskada etter mange år på ein annan kant av landet. Røysta er minst like klokkeklar og rein som ho alltid har vore.

Og han fortener i høgste grad Medaas-prisen som han fekk sist haust som ei påskjønning for ei uforfalska reindyrking av den lokale dialekta..

Stedje er velsigna fri for utanlandske hermetikklåtar og held seg i stor grad til tema som alle kan kjenne seg att i..

I Dønhaugkjedlaren baud han naturleg nok på låtar både av eldre og nyare dato, men interessant nok var det den gamle, men framleis like gode "Vi vandrar saman" som fekk allsangen til å runga og lokka folk utpå dansegolvet.

Totalt sett fortener han i høgste grad spelemannsprisen og dei seks sølvplatene som han har fått.

Av Ola Matti Mathisen